

Ostersøy Idrettslag.  
Friidrettsgruppe.

Årsmelding 1976.

Gruppestyret har i 1976 vore Johs. Loftås, formann, Magnus Børge og Inge Johs. Reigstad. Kontaktmenn Arnliet Røngved og Olav Mjelde.

Trening og egne tilskipingar.

Det har i år som tidlegare vore drive med både inne og ute-trening på Hus skule. Det har elles vore trening og uttakingar i lønevåg og på Valestrand. Lagmeisterskapet i terrengløp vart halde på Valestrand med i alt 42 deltakara. Me har i år ikkje fenge godkjent seriestevne av den grunn at det i fjor ikkje vart søkt om slike stevne, men me har likevel hatt 1 treningsstevne i slutten av juni og Ostersøymeisterskap i friidrett over 2 dagar i slutten av september. Desse vart Ostersøymeistrar frå vårt lag: Trine Bide Skår 3, Magnus Børge 3, Arne Reigstad 2, Kjetil Loftås 2, Johs. Torp, Geir Atle Mjelde, Olav Loftås, Røald Vatle, Karl Johan Reigstad, Inge Johs. Reigstad og Magnus Mjelde 1 kvar, i alt 17.

Stafettar.

Gruppe har hatt lag med på desse stafettane: Eidsvågstafetten, nr. 7 i jenteklassen og nr. 5 i guteklassen, Hornstafetten nr. 6 i jenteklassen, Alvidrastafetten nr. 5 i jenteklassen, Oneiststafetten nr. 2 jenter klasse B, og nr. 11 i guteklassen Askstafetten nr. 3 i klasse B og nr. 7 klasse B i Nymarkstafetten. Vangen rundt på Voss vart jentene nr. 7 og gutane nr. 2 3. Vossstafetten senior nr. 5 og Viljarstafetten nr. 2 senior klasse B og nr. 3 junior. Me hadde og eitt B-lag med på SKSK stafetten.

Det vart ikkje noko tur til Blmenkollen i år, noko på grunn av økonomien og noko på grunn av at me nok hadde fenge visse vanskar med å hevda oss i klasse 2.

Andre tilskipingar.

Når det gjeld andre tilskipingar so er det i år som tidlegare på terrengløp gjort det best og hatt den største deltakinga. På Ostersøymeisterskapet som Mjøsdalen skipa til, hadde me 24 deltakara med. Desse 11 vann sine klassar: Audhild Mjelde, Frøydis Mjelde, Trine Bide Skår, Anne Britt Gjøsseter, Rita Hatland, Arne Reigstad, Reidar Vatle, Inge Mjelde, Bjørn Mjelde, Leif Arne Marsøy og Gyvind Åsheim. I andre terrenlop har desse og gjort det godt i tillegg til dei som alt er nemde: Anne Mjelde, Else Karin Solberg, Myrthild Solberg og Kjersti Røngved.

På banestevlingane har det ikkje gått so bra. Jentene har vore dei beste, dei har sett 2 nye lagrekordar: Frøydis Mjelde 60m. 9,3 850p og Myrthild Solberg 100m. 14,0 898p. Vidare har me fenge 3 nye noteringar: Anne Britt Gjøsseter 60m. hekk 13,5 500p. Rita Hatland 1500m. 5:23,4 838p, og kvinner junior Rita Hatland 800m. 2:29,7 Kjetil Loftås har sett 2 nye lagrekordar for senior og junior: 200m. 23,6 og 400m. 50,6.

Denne har vore med på KM og fenge medalje: Frøydis Mjelde nr. 3 på terrengløp og nr. 2 på 800m. Rita Hatland nr. 2 på terrengløp, Bjørn Mjelde nr. 2 i diskos. Arthur Brandsdal nr. 2 på terrengløp klasse E og på det uoffisielle KM for old boys vann han 5000m.. Han har og vore med på fleire fjelløp og gjort det svært bra.

#### Serien.

På grunn av at me ikkje fekk godkjent seriestevne, mangla me ein del resultat til seriane, men dei me hadde vart sendt inn og jentene vart då nr. 4 i 4 divisjon, gutane vart nr. 7 i 3 divisjon og menn senior vann 3. divisjon. I Vestlandsserien vart seniorane nr. 11 i 2. divisjon.

Det står då att å takka for det året som har gått og for innsatsen til dei aktive og vena på frangang og størrebx breidde i det året som kjem..

Valestrandfossen 29/11-1976

Johs. Loftås